# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 004/23 | Formannskapet | PS | 02.02.2023 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristin Nesbø | FE-033 | 23/39 |

## Delegerte saker

## Saker

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 138/22 | Ferdigattest for tiltak på gbnr 156/107 - Austrheim<br>**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.** |
| 132/22 | Ferdigattest for tiltak skorstein på gbnr 156/107 - Austrheim<br>**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.** |
| 142/22 | Ferdigattest til tomannsbustad på gbnr -  147/126 - Skotneset 19 - Toftegård<br>**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.** |
| 130/22 | Gbnr 131/34 - Sletting av adresse<br>**I medhold av matrikkellova § 21 vert adressa til gnr 131 bnr 34.**<br><br>**I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen.** |
| 125/22 | Gbnr 131/68 - Omadressering |
| 126/22 | Gbnr 132/36 - Sletting av adresse<br>**I medhold av matrikkellova § 21 vert adressa til gnr 132 bnr 36.**<br><br>**I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i** |

| | |
|---|---|
| | **kommunen.** |
| 002/23 | Gbnr 133/86 - Adressetildeling |
| 003/23 | Gbnr 157/121 - Adressetildeling |
| 134/22 | Gbnr 165/50 - Omadressering |
| 135/22 | Gbnr 165/51 - Omadressering |
| 136/22 | Gbnr 165/52 - Omadressering |
| 137/22 | Gbnr 165/68 - Adressetildeling |
| 007/23 | Løyve til arealoverføring frå gbnr 131/2 til gbnr.131/208- Tresvik<br>**Austrheim kommune gjev herved løyve til omsøkt arealoverføring av næringsareal på eigedom gbnr. 131/2 til gbnr. 131/208 på Fonnes. Grunngjevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med Områdeplanen for Nordre Fonnesvågen. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |
| 008/23 | Løyve til arealoverføring og grensejustering mellom gbnr 156/33 og 156/158 - Austrheim<br>**Austrheim kommune gjev herved løyve til omsøkt arealoverføring og grensejustering mellom eigedomane 156/33 og gbnr. 156/158 på Austrheim. Grunngjevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel og fornuftig arealbruksmessig.**<br>**Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |
| 001/23 | Løyve til bygging av garasje på gbnr. 156/45 - Austrheim<br>**Det vert godkjent oppføring av garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.** |

| | |
|---|---|
| 005/23 | Løyve til bygging av tilbygg på bustadhus på gbnr 131/278 - Straumshaugane<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av tilbygg i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.** |
| 006/23 | Løyve til bygging av toalettbygg på gbnr. 139/107 - Solend<br>**Det vert godkjent oppføring av toalettbygg i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.**<br>**2. Toalettbygget skal vera opent for ålmenta.** |
| 122/22 | Løyve til deling av bebygd nausttomt frå gbnr 132/27 og samanføying med gbnr 132/36 - Utkilen<br>**Austrheim kommune gjev på vilkår løyve til omsøkt frådeling av bebygd nausttomt på gbnr. 132/27 på Utkilen. Vilkåret er at tomten med eksisterande naust på skal samanføyast med bustadeigedom gbnr. 132/36. Grunngjevinga for vedtaket er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan sin arealdel. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.** |
| 139/22 | Løyve til endring og opphøyr av ansvarsrettar på gbnr 142/216- Mastrevik |
| 004/23 | Løyve til massehandtering og planering av næringsområde FKI1 på gbnr 128/68 - Leirvåg ved Mongstadkrysset<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til omsøkt planering og massehandtering av nærinsgområde FKI1 i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at planering vert gjort i tråd med kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan for området. Steindeponiet kan planerast ut mot vegkant mot vegen Mongstad og tilpassast til same høgde som den. Tomten kan og planerast ut til regulert parkbelte (grøntareal) mot gang- og sykkelvegen til fylkesveg 57.**<br>**2. Avkjøringane som vist på kart til anleggsområdet vert godkjent og skal arbeidast opp slik at dei etter dagens vegnormalar vert mest mogleg** |

| | |
|---|---|
| | **trafikksikker.** |
| 127/22 | Løyve til montering av solceller på taket til næringsbygg på gbnr 128/88 - Litlås<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til montering av solcelle på tak i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3 og 23-3 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.** |
| 133/22 | Løyve til tiltak for bygging av fritidsbustad på gbnr 157/121 - Bergsvik<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til grunnarbeid på hyttetomt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og reguleringsplan for området.**<br>**2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.** |
| 140/22 | Løyve til tiltak og utsleppsløyve for gråvatn og løyve til tilknytning til kommunalt vatn på gbnr 158/28 - Lerøyna<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til etablering av slamavskiljar og vassleidning og gjeve utsleppsløyve for gråvatn i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.**<br>**Det vert gjeve løyve til tilkobling til kommunalt vatn via privat vassledning som omsøkt.** |
| 141/22 | Mellombels bruksløyve til fire bustadeiningar på adresse Mastrevikane 29 A, 29 D, 31 C og 31 D - Mastrevik<br>**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for fire bustadeiningar på følgjande vilkår:**<br>**1. Ferdigattest skal liggje føre 01.05.2023.** |

| | |
|---|---|
| 131/22 | Vedtak - byggesak gbnr 156/142 - Hoplandssjøen - endring av bygg<br>**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av påbygg på gnr. 156 bnr. 142 på følgjande vilkår:**<br>**1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.09.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**<br>**2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**<br>**Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning] på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggar for Heine Haugen for ansvarsområda prosjektering (PRO) og utførende (UTF) Innvendig tømrerarbeid foruten bærende konstruksjoner**<br>**Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.** |
| 124/22 | Vedtak - ferdigattest - gbnr 131/32 - Fonnes - rehabilitering av pipe<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabillitering av pipe på gnr. 131, bnr. 32.**<br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 129/22 | Vedtak - ferdigattest - gbnr 157/ 122 - Bergsvik - fritidsbustad |
| 128/22 | Vedtak - ferdigattest - gbnr 157/123 - Bergsvik - fritidsbustad<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gnr. 157, bnr. 123.**<br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 123/22 | Vedtak - ferdigattest - gbnr 160/4 - Rebnord - rehabilitering av pipe<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabillitering av pipe på gnr. 160, bnr. 4.**<br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |

**Framlegg til vedtak:**
Delegerte saker vert tekne til orientering

Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om gebyr på tiltak knytt til rehabilitering av skorsteinar og eldstadar, samt vurdering om kommunen har hatt for høge gebyr på søknader knytt til slike saker. Ber og om at kommunedirektøren vurderer kva kommunen skal gjera i forhold til dei sakene der gebyra har vore for høge samanlikna med nabokommunane og arbeidsmengda knytt til slike saker.

**<u>Formannskapet - 004/23 - 02.02.2023</u>**

**FS - behandling:**
Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om gebyr for rehabilitering av eldstad. Dette gebyret er sett ned i dagens regulativ, og ordføraren spurte om det er betalt tilbake til dei som har betalt høgare gebyr tidlegare.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at kommunen har brukt dei gebyrsatsane som har stått i gebyrregulativet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at det vart laga ei sak til kommunestyret på dette. Lerøy viste til at gebyret skal dekka kostnadene til tenesta, men her var langt over.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at dette må komma som ei politisk sak om gebyr i samband med eldstad, og kor langt tilbake det skal ha tilbakeverkande effekt dersom ein skal betala tilbake gebyr.

Per Lerøy (Ap) hadde eit framlegg til tilleggsvedtak, med ordlyd "Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om gebyr på tiltak knytt til rehabilitering av skorsteinar og eldstadar, samt vurdering om kommunen har hatt for høge gebyr på søknader knytt til slike saker. Ber og om at kommunedirektøren vurderer kva kommunen skal gjera i forhold til dei sakene der gebyra har vore for høge samanlikna med nabokommunane og arbeidsmengda knytt til slike saker."

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg, og ordførar sitt framlegg til tilleggsvedtak, vart begge samrøystes vedteke
(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje

**FS vedtak:**

Delegerte saker vart tekne til orientering.

Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om gebyr på tiltak knytt til rehabilitering av skorsteinar og eldstadar, samt vurdering om kommunen har hatt for høge gebyr på søknader knytt til slike saker. Ber og om at kommunedirektøren vurderer kva kommunen skal gjera i forhold til dei sakene der gebyra har vore for høge samanlikna med nabokommunane og

arbeidsmengda knytt til slike saker.

**Saksopplysninger:**